

# Det var ein gong ....

Av Reidun Mellem

*«Her ser eg fagre fjord og bygder  
som mange gamle kjempor bar  
.....»*

skriv Vinje og tenkte visst på Trøndelag. Men desse orda er minst like sanne her på våres kantar — her er fagre fjordar og bygder, og kjemper av ulike slag veit vi då har levd her, ikkje så få heller. To av dei var bestefar min og bror hans, Lars og Peder Larsen frå Elvevoll. Peder var truleg den sterkaste av dei — ordet gikk om han både på Lofoten og Finnmarka — han var ein vidgjeten slåsskjempe over alt. Ofte kunne det gå nokså hardt for seg. Ein gong det som så ofte før var basketak nedover kaia og utover mot skøytenes som låg der, så berga Peder seg på den måten at han tok linestampar frå båtane han passerte — ferdig-egna lina — og kasta dei på motstandarane sine, og dei vasa seg så inn i snøre og krokar at han kom seg unna. Han hadde ei tjukk, heimlaga raud ytterjakke, og i bataljane så blei det ofte ropt at no måtte dei gå på han med raudtrøya, for fikk dei berre ranga denne trøya opp over armane og hovudet på eigaren, så ville mykje vere vunne. Han var eit arbeidsjern av dei sjeldne, han Peder, aldri redd for å ta i. Ein gong var han ein eller annan grunn åleine i skøyta si ein morgon dei andre skøytenes for ut av hamna i Lofoten. Dette var før motorane si tid, men Peder visste råd. Han tok seg eit digert årepar, og så rodde han skøyta ut av hamna, heilt åleine kar.

Eg hugsar godt han «Peder-onka», som han blei kalla. Han bodde ein god mils veg borte, men ofte om søndagane kom han syklande på besøk til barndomsbygda si — vinter som sommar. Eg ser han enno for meg: svart dress,

kasjetthuva på hovudet, solide pluggsko på føtene — og med ein smal metallring — såkalla sykkelklippe — rundt leggen for å spare buksa for sykkelkjedet. Han gav seg god tid, prata om alt mogleg, fortalte historier frå gammal tid — og så lo han sjølv så han rista. Lyden starta ein stad djupt nede og sleit seg til sist ut i ein støyande latter, og då var det som ein sukka letta, for eg trudde ofte at han heldt på å miste pusten medan han drog opp til storskraatten.

Bestefar min var mykje av same salget. Dei hadde motet og humøret i orden, dei gamle. På heimtur frå Lofoten var det fast skikk at dei kappsegla innover Lyngen med åttringane sine. Det var ikkje alltid dei hadde den store forteneasta med — ikkje sjeldan kunne det vere tap, men dei gav seg ikkje over. Det var folk av eit sterkt og ramsalt slag, og det trengtes nok, med deira harde livsvilkår. Ein gammal mann inne i Storfjorden fortalde dette: Det var på Finnmarks-fiske eit år. Det hadde vore noko drikking og slåssing i været utover kvelden og natta. Tidleg neste morgon ropa det nede i hamna- det var bestefar som var klar for utror saman med sine folk: «E det no nåkken fleire som vil banke meg, så får dæm komme med ein gong — for no ror eg ut!»

Ein gong då han hadde vore på kafe og kjøpt middag med påfylling — så begynte kafeiegaren å murre etter tredje påfyllinga — at han visst hadde tenkt å ete seg forderva. Då rulla bestefar fram ein tom fustasje som stod der, snudde han med botnen i veret — og hoppa handfritt opp. «Er det her en forspist mann?» ville han vite — og kafeverten måtte gje opp. Han fikk dei påfyllingane han bad om.

Til Lofoten måtte dei kvar einaste vinter, og turen nedover kunne ta adskillige dagar — dersom det var uhøveleg vind. Ein utveg var å henge på slep etter ein dampbåt, og prisen var 30 kroner for slep frå Tromsø til Lofoten. Ein gong var det ein heil hop med åttringar som skulle henge på slep gjennom Rystraumen. Det blei ein hårdare seglas enn mange syntest om, så nokre av dei begynte å kutte slepetauet, uheldigvis dei som hong nærmast dampbåten. Det blei ei fæl mølje då ei attarste båtane blei dregne inn i dei som no låg utan slep, men dei kom seg til Lofoten likevel det året. Det seier noko om mot og vilje — i ei tid der man ikkje hadde noko som heitte assurance — der Lofot-utrustninga betydde det same som stor gjeld hos handelsmannen.

«Bestefar dokkers — han e franskmann», var ord vi mange gonger kunne få høre — «han e russar», — «han e italiendar», — «han e av adelsslekt», blei det også sagt. Han var finnlendar, så vidt vi visste, slekta skulle vere komen frå Kittilä i Nord-Finland. Stamfaren var den storsterke Jaako Kittilä, som eingong omkring 1800 kom vandrende nordover til fiskegrytene i Riiija. Men så - og det er ikkje meir enn omlag 20 år sidan — fikk vi endeleg høre «sannheta» om den mystiske slektsbakgrunnen. Det kom ei eldre kone på besøk til foreldra mine — ho hadde vakse opp i ei bygd der i fjorden, men var gift til ei anna bygd ikkje langt derifrå — og ho visste å fortelje: Slekta var komen frå Russland. Dei var etterkomarar av tsar Alexander. Han blei hardt såra i eit attentat — dei fleste trudde han var død —

men han overlevde og kom seg unna — til Finland. Der blei han stamfar til ei stor slekt, og ei grein av denne slekta var det som så hadde rømt vidare frå Kittilä til Norge — dei torde ikkje slå seg til i Finland. «Ja, der sitt det en adelig», la ho til og peikte på far min. Ho kunne vidare fortelje at det var så lenge sidan at «no er niende slektsledd fødd». Ut frå det skulle då bestefar vere 6. slektsledd frå Tsar Alexander, og dette var noko alle visste, meinte ho. At tsar Alexander verkeleg blei drept i dette attentatet, og at det hende såpass seint at «niende ledd» slett ikkje kunne ha nådd å bli fødd så tidleg som omkring 1960, det hadde folkefantasia ingen problem med. Tsar Alexander var ein framstegsvenn-

leg fyrste, og var beundra og elska av mange — så folkefantasia hadde funne ein utveg til å la han få leve likevel! Og interessant var det at ei slik soge hadde funne vegen heilt opp til Ishavs-kysten.


Far til bestefar heitte Lars Jakob Jakobsen — «Lasjakka» — sa folk. Kona hans heitte Elen Johanna Pedersdatter. Dei hadde mange barn, og ei av døtrene, ho Berret, var like sprek som nokon kar. Ho brukte å bere ein melsekk under kvar arm opp fjærabakken, og ho pløyde åkerland åleine — greidde sjølv med både hest og plog. Alle 3 jentene «blei gift» over i Sørfjorden. På den tida hadde dei etter forholda ein ganske grei friarveg gjennom Langdalen — eit dalføre mellom Lakselvdalen i Ullsfjorden

og Elvevoll i Storfjorden, — 4 timars gonge frå sjø til sjø, blei det sagt.

Han bestefar fridde til ei jente lenger inn i fjorden, ho Elen Margrete Johannesdatter på Tittingsnesset. Ho var ei slik vakker jente, og mange var det nok som ville hatt henne. Det hende difor ofte at bestefar kom ut i hårde slagsmål på friarferdene sine. Ein gong var det ein av desse karane som gikk på han med kniv! Men bestefar var både sterk og snop, som vi seier, så han fikk sparka kniven ut av handa på karen, og etterpå fikk han så mykje juling at han ikkje kjente seg frista til å gjenta forsøket seinare. Friinga førte til truloving, og bryllup blei planlagt til hausten 1891, etter at sauane var henta ned frå fjellet og poteten var komen opp av jorda — slik skikken var då.

Våren begynte ikkje så heilt bra det året. Junimånaden var så kald at skogen omtrent ikkje vann å bli grønn — enno midt i månaden lå han til og med eit snøfall som gjorde bakkane kvite heilt ned til sjøen. Men litt etter kvart spedde han på med litt meire varme, så voksteren blei så nokolunde. Bryllupet blei førebudd utover seinsommaren — ein 3-dagars fest kravde litt av kvart. Ikkje så lite heller, forresten — slekta var stor, og alle skulle vere med. Viinga skulle foregå på Lyngseidet 12. september, og dit kom man berre i båt. Brudgommen hadde nok både pussa og tjærebreidd fembøringen, slik at han var god nok til å vere bryllupsbåt. Eit fint syn var han nok, båten, rank og velflidd, med dei slanke stamnane høgt til vers.

Tidleg om morgonen den 12. september drog så brudefolket og dei nærmaste slektningane utover til båtstøa. Man måtte ha dagen med seg for å segle dei 3 mila utover til Lyngseidet og endå vere i kjerka i god tid. Men kva fikk dei vel ikkje sjå da dei kom ned til fjæra? Begge stamnane var saga tvert av heilt nede ved ripa! Her var nok takk for sist for både julinga og jenta han ikkje fikk. Båten var utskjemd. Korleis kunne dei segle ut Lyngen på bryllupsferd i ein utskjemd båt? Då var det at ein av naboane greip inn. «Nei, Lars», sa han — «du skal ikke segle til kjerka på den måten — du skal ta *min* båt!» Og slik blei det. Dei segla til kjerka i Nils Hansa sin båt, god sjøbåt og velflidd den også, og rivalen fikk ikkje den søte hemnen han hadde tenkt ut: at heile



Beret Larsdatter og hennes staute brudgom - han Henrik frå Sjøvassbotn. Dei gifta seg i 1906.


Bildene til artikkelen utlånt av R. Møllum.



Bestefar.

fjorden skulle flire av bryllupsbåten til han Lars. Dei hadde veret med seg, ein lett sørvestbris og sol det meste av turen. Dei kom velberga tilbake til bryllupsgården, og hadde framleis eit makelaust bryllupsver, varmt heile dagen og mildt og fint i lufta om natta, slik at folk kunne trivast både inne og ute, det siste ikkje minst viktig, for husa var ikkje så store dengongen.

Seinare bygde bestefar eit stort hus. Tømmeret samla han over lang tid — kjørte det fram på vinterføre, det meste frå Tamokdalen. Heime på Elvevoll rigga han til ei sag, og så



Huset som bestefar bygde av handsaga tømmer.

saga dei tømmerstokkane til for hand, bestefar og broren Peder, og bygde eit svært hus med 2 etasjer og eit digert mørkeloft oppå der. Det kom forresten til ein spesiell episode medan han grov ut kjellaren. Det kom ein fjellfinn til gårds — og om han ikkje var nøgd med mottakinga, eller om han bad om noko han ikkje fikk, det veit eg ikkje, men han blei i allefall misnøgd og mumla noko om at det nok ikkje skulle bli så heilt fredeleg i nyhuset. Så tok han til å joike medan han begynte å gå rundt kjellartomta. Men med eitt hørttest eit fælt mål — det var bestefar som hoppa opp frå kjellarholet med øksa i nevan, og samene blei så redd at han la til rennings ned mot sjøen — med bestefar ropande i helane på seg, og han stoppa ikkje før han stod opp under armene i vatn. Dermed hadde han mista makta si, blei det fortald, fordi han blei så redd.

Eg hørte også sjølve styggmålet til bestefar eingong — det hørttest utover det meste av bygda — og den gongen var det visst og nokon som blei redde, endå dei var svært så godt vepne. Det var på slutten av krigen, tidleg på hausten 1944, trur eg — då tyskarane var på tilbaketrekking frå Russland. Då var det nokre soldatar som hadde vore og henta ved til bålet sitt i vedskjulet til bestefar. Dette hadde gubben oppdaga, og då sette han i med eit mål så fælt, skreva avgarde etter soldatane, hoppa over eit gjerde og røska til seg veden. Soldatane såg nærmast ut som skolegutar som hadde gjort noko gale, så han bestefar kom velberga frå dette — men dei kunne i verste fall ha skote han. Då var han 78 år. Han levde til han var 83. Då hadde han vore gift 2 gongar og hadde tilsaman 9 barn. Kor mange barnebarn og oldebarn han har, er det visst ingen som har tatt seg tid til å telle opp.

## I NATT VAR EG HEIME

*I natt var eg heime -  
grønt gras på tunet  
lufta metta av duftande bjørkeskog*

*sola tok kveld attom fjellet -  
far vandrande ned frå vollen  
sliten, trøytt - og tilfreds*

*mellom trea  
glimt av kvitt forkle:  
mor hastande heim over  
frå kaffeprat i nabogården*

*- og alt var godt  
- og alt var fred -:*

*Eit lån frå farne dagar  
då du enno ikkje hadde prøvd  
ordet sorg.*

Reidun Mellem